

Klima, energi og miljøplan

Vågå

2023 - 2031

Forslag til tiltaksdel



Nr.	Tiltak	Ansvar	Status
1	Overordna strategi for kommunen som organisasjon		
	Kommunisere mål og strategi for klimaarbeidet i eigen organisasjon	Kommunen Leiargruppa	Løpende arbeid. Her har leiinga eit særleg ansvar
	Inkludere og synleggjere ansvar for klima- og klimatilpassing i organisasjonen	Kommunen Leiargruppa	Løpende arbeid. Her har leiinga eit særleg ansvar
	Inkludere og prioritere klimatiltak i kommunen sitt årshjul med budsjett og økonomiplan	Kommunen Leiargruppa	Løpende arbeid Her har leiinga eit særleg ansvar
	Ta i bruk klimabudsjettmodulen i Framsikt (klimarekenskap)	Kommunen Økonomi	Løpende arbeid Her har leiinga eit særleg ansvar
	Haldningsskapande arbeid i eigen organsasjon	Kommunen Leiargruppa	Løpende arbeid Her har leiinga eit særleg ansvar
	Inkluder klima- og berekraftsmål i opplæringsmateriell ved nytilsetting.	Kommunen Leiargruppa	Løpende arbeid Her har leiinga eit særleg ansvar
	Oppdater retningsliner og vedtekter for kommunale tilskotsordningar slik at berekraft, klima og energi er kriterie for tildeling	Kommunen	Løpende arbeid Her har leiinga eit særleg ansvar
	Etablere klima-, energi- og miljøgruppe i kommunen – eit møte i kvartalet	Kommunen Plan	Leiinga peiker ut deltakarar, plan leiar møta. Start 2024
	Varsel om private planoppstart/planinitiativ skal politisk behandlast inntil kommunen har revidert kommuneplanens arealdel 2017-2027	Kommunen Plan	Iverksettast når planen er vedteke
	Tilrettelegge for at tilsette kan sykle og gå på jobb	Kommunen	Løpende arbeid

2	Stadutvikling, arealbruk og transport		
	Bygge ut fleire el-bil ladalar i Vågå	Kommunen Teknisk Næringsliv	Løpende arbeid som er i gang
	Kjøpe inn kommunale elsykler for intern trafikk	Kommunen	Må vurderast nærmere i økonomiprosess
	Etablere samkøyringsapp	Kommunen	Må vurderast nærmere i økonomiprosess
	Legge til rette for at kommunale bilar kan leigast ut til private på kveld/helg når dei ikkje er i bruk	Kommunen	Må vurderast nærmere
	Fleksibelt busstilbod i grendene. Køyring etter behov	Innlandet fylkeskommunen	Løpende arbeid
	Etablere sykkelparkering for elsykler og vanlege sykler	Kommunen Næringsliv	Løpende arbeid
	Fortette og bruke eksisterande areal betre før det blir teke i bruk nytt ubebygd areal	Kommunen Næringsliv	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
	Ikkje opne for nye område for fritidsbustader i urørt område. Må etablerast i tilknyting til eksisterande felt	Kommunen Plan	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
	Identifiser og tilrettelegg klimavenlege og berekraftige næringstromter	Kommunen	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
	Kommunen skal vurdere utbygging av fornybar energi opp mot ei berekraftig forvaltning av naturen, produktive landbruksområde og kulturmiljø høgt	Kommunen	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
	Kommunen har nullvisjon for tap av matjord	Kommunen Plan Teknisk	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel

	Kommunen bygg ikkje ned skog, myr og andre karbonrike areal	Kommunen Plan	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
	Kommunen skal utarbeide areal- og naturrekenskap når grunnlaget for dette er på plass – målsetting om å vere arealnøytral kommune	Kommunen Plan	Må vurderast nærmere
	Arealplanlegging og tiltak skal gjennomførast slik at fare for hendingar som følgje av naturfare og klimaendringar blir redusert	Kommunen Plan	Løpende arbeid
	Kommunen skal ha heilheitleg arealplanlegging på tvers av kommunegrenser	Kommunen	Løpende arbeid
	Delta i klimanettverk for auka kunnskap om klimatilpassing i arealplanlegging	Kommunen Plan	Løpende arbeid
	Gjer ferier og jobbmøter utan flyreise til eit fyrsteval	Kommunen Innbyggjarar	Løpende arbeid

3	Forbruk, gjennvinning, ombruk og avfall		
	Det mest effektive klimatiltaket er å få ned forbruket - viktig med haldningsskapande arbeid	Kommunen Innbyggjarar Næringsliv	Løpende arbeid
	Etablere byttesentral for gjenbruk av inventar og møbler	Kommunen	
	Førebyggje avfallsproduksjonen med å auke andelen ombruk og materialgjenvinning og sikrar god utnytting av avfall	NGR	Løpende arbeid
	Utarbeide retningsliner for klimasmarte og berekraftige meny med mest mogleg kortreist mat i eigen organisasjon	Kommunen	
	Reduser matsvinn i eigen organisasjon, barnehage, skule, kantine og sjukeheim	Kommunen	
	Ha mål om sambruk av bygningsareal for å sikre betre utnytting av areal	Kommunen	

4	Klimavenlege anskaffelser		
	Kommunen auker den offentlege innkjøpskompetansen innan klima, miljø og energibruk	Kommunen	Løpende arbeid
	Tilsette med innkjøpsansvar skal få opplæring i bruk av klimakrav og dokumentasjon i andbodsprosesser	Kommunen	Løpende arbeid
	Inkludere retningsliner for klimakrav i rutinebeskrivelse og kravspesifikasjon for innkjøp	Kommunen	
	Ver meir kritisk ved innkjøp – er det nødvendig å handle eller klarer vi oss med det vi har, ikkje handle meir enn det som er nødvendig	Kommunen	
	Auka fokus på vedlikehald og reperasjon	Kommunen Frivillige organisasjoner Næringsliv	

5	Klimasmart jordbruk, skogbruk og næringsliv		
	Legg til rette for at måla i landbruket sin klimaplan (https://www.bondelaget.no/bondelaget-mener/miljo-og-klima/klima/landbrukets-klimaplan) kan bli nådd	Kommunen, faglag	Løpende arbeid
	Landbrukskontoret saman med faglaga legg til rette for kurs og fagdagar	Kommunen, faglag	Løpende arbeid
	Oppfordre og legge til rette for klimarådgjeving og bruk av klimakalkulator	Kommunen, faglag	Løpende arbeid
	Prioritere løsninger med korte transportavstander ved jord- og konsesjonsbehandling og ved godkjenning av søknader om nydyrkning	Kommunen Landbrukskontor	Løpende arbeid
	Auka fokus på klimautslepp og naturmangfald ved planlegging av hogst	Kommunen, Glommen Mjøsen skog	Løpende arbeid
	Følg opp tiltak i "tiltaksplan for skogbruk for Innlandet fylke"		Løpende arbeid
	Utarbeide eigne instruksar for behandling av søknader om skogsbilvegar med retningsliner om klimahensyn og klimatilpassing	Kommunen Landbrukskontor	
	Reiselivet må satse meir på stuttreiste ferier – Ved å utvikle stuttreist ferietilbod kan ferien nytast utan bruk av fly	Kommunen Reiselivet	Løpende arbeid

6	Energiforsyning og energibruk i bygg		
	Energibruken i alle sektorar blir effektivisert	Kommunen Næringsliv	Løpende arbeid
	Auka kompetanse på energieffektivisering og fornybare energikjelder	Kommunen Næringsliv	Løpende arbeid
	Auka fokus på vedlikehald og reperasjon framfor nybygg	Kommune Næringsliv	Løpende arbeid
	"Den Grøne tråden" – energileiing i Vågå kommune skal nyttast aktivt. Her er det lista opp mange tiltak. Ligg som vedlegg til plan.	Kommunen	Løpende arbeid

7	Natur, kulturmiljø og naturmangfold		
	Kommunen skal bidra til vern av natur og landskap. Lokal involvering og medverknad skal sikras i verneprosessar	Kommunen Plan	Løpende arbeid
	Kommunen skal bidra til å fjerne svartlisteartar og unngå planting av nye	Kommunen Miljø	Løpende arbeid
	Kommunen skal auke eigen kompetanse om svartlistartar og bidra til fjerning av svartlistartar og planting av nye i kommunale grønt anlegg	Kommunen Teknisk	Under planlegging
	Sette av areal for polinerande insekt. Viktig med informasjon i tilknyting til slike areal	Kommunen Teknisk Innlandet fylkeskommune	Under planlegging
	Kommunen skal sikre bygnings- og kulturmiljø i kommunen	Kommunen Plan	Igangsett
	Kommunen har fokus på lys og støyforureining	Kommunen Plan	Løpende arbeid